

REGLAR FOR SMÅVILTJAKT I FINNDALEN STATSALLMENNING

Nedanfor følgjer eit samandrag av gjeldande reglar for småviltjakt i Finndalen statsallmenning, som er vedteke av Finndalen fjellstyre i medhald av §§ 23 og 25 i Fjellova. Fjellstyret ber jegerane setje seg nøyne inn i og følgje reglane som gjeld, slik at unødige overtramp eller lovbroter ikkje skjer.

1. Jaktkort

Jakt og fangst kan berre drivast mot løysing av jaktkort. Jaktkortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre. Personar under 16 år treng ikkje jaktkort for å drive småviltjakt (opplæringsjakt). Innanbygds under 20 år kan jakte gratis utan hund, men må løyse kort. Jaktkort og gyldig jegeravgift skal når oppsynet ber om det, kunne framleggjast ved utøving av jakta.

2. Jakttider

Rype

Jakt utan hund, innan- og utanbygdsbuande: 15/9 – ut februar.

Jakt med hund, innanbygdsbuande: 15/9 – 29/9.

Jakt med hund, utanbygdsbuande: 15/9 – 29/9 (Totalt 18 kort à 5 dagar, fordelt på 3 perioder, etter søknad innan 1. april).

Skogsfugl

All jakt på skogsfugl varer til og med den 23/12, elles gjeld dei same jakttidene som for rype.

Hare

Jakt utan hund, innan- og utanbygdsbuande: 15/9 – ut februar.

Jakt med hund, innanbygdsbuande: 11/10 – 20/10.

Jakt med hund, utanbygdsbuande: 11/10 – 20/10 (10 kort à 5 dagar, etter søknad).

Andre arter

Det kan bli jakta på dei artene som det i forskrift frå Miljødirektoratet er gjeve løyve til å jakte på i distriktet. For alle desse artene er tidlegaste jaktstart den 15/9.

Jaktkort for jakt med hund gjeld også rett til jakt utan hund i den tida som jaktkort med hund er gyldig.

3. Jaktområde

Jaktområdet følgjer grensene for Finndalen statsallmenning. Det er ingen feltinndeling.

4. Bruk av hund

Jaktkort for jakt med hund gjeld bruk av ein hund. Alle som deltek i jakt med hund, må ha jaktkort for jakt med hund.

5. Fangst

Snarefangst på rype og fellefangst er lov berre for innanbygdsbuande, og i den tida og etter dei forskriftene som Miljødirektoratet har fastsett. Småviltjaktkortet gjeld også for fangst.

6. Dagskvote rypejakt

For rypejakt blir det for kvar sesong fastsett ei dagskvote. Jegeren er pliktig til å gjera seg kjent med dagskvota. Årets dagskvote blir opplyst ved løysing av jaktkort, elles på fjellstyret si facebookside,

7. Jaktrapport

Jaktrapport (fangststatistikk) frå jegerane er eit viktig hjelpemiddel i forvaltninga av småviltet. Legg difor vekt på å få desse så korrekte som råd. Riktige opplysningar er nødvendige for best mogleg å kunne analysere forholda, og på dette grunnlag gje jegerane eit godt jaktilbod. Jaktrapport kan sendast på e-post: finndalen@fjellstyrene.no

8. Anna

Ved jaktstart går det ennå att beitedyr i utmarka. Vis omsyn til dette under jakta slik at unødige konflikter ikkje oppstår.

Vis elles omsyn til andre jegerar og anna jaktutøving, og til andre former for fritidsutøving. Bruk naturvett og ta med deg tomhylser og anna søppel.

Ytterlegare opplysningar kan du få ved å kontakte fjellstyrekontoret, tlf. 61 29 37 37 eller fjelloppsynet på tlf. 91 30 28 28.